

## FAGLEG BAKGRUNN FOR LEIKEMILJØET I SUNDE BARNEHAGE

### LOVER OG FØRESKRIFTER

Barnehageloven §1, §2 og §3 er tydelig på at leik er eit av føremåla til barnehagen og at dette skal skje på ein måte som tek omsyn til barn og barnegruppe og gir barna medverknad i sin kvardag.

Rammeplanen seier i del 3 :

### BARNEHAGEN SKAL IVARETA BARNAS BEHOV FOR LEK

Leken skal ha en sentral plass i barnehagen, og lekens egenverdi skal anerkjennes. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barnas egen kultur. Leken skal være en arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språklig samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typer lek både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek - alene og sammen med andre.

Personalet skal

- organisere rom, tid og lekemateriale for å inspirere til ulike typer lek
- bidra til at barna får felles erfaringer som grunnlag for lek og legge til rette for utvikling av leketemaer
- fremme et inkluderende miljø der alle barna kan delta i lek og erfare glede i lek
- observere, analysere, støtte, delta i og berike leken på barnas premisser
- veilede barna hvis leken medfører uheldige samspillsmønstre
- være bevisst på og vurdere egen rolle og deltagelse i barnas lek
- ta initiativ til lek og aktivt bidra til at alle kommer inn i leken.

### SUNDE BARNEHAGE OG SULA KOMMUNE

Leikemiljøet i Sunde barnehage skal vere prega av Sula kommune sine verdiar og læringsreisa. Sunde barnehage sin visjon, sine verdiar og sin pedagogiske plattform ligg også til grunn for leikemiljøet i barnehagen.

### FAGLEG BAKGRUNN FOR LEIKEMILJØET

Vi i Sunde barnehage ser kvar dag at leik er *gøy!* Vi veit at glede og frysing utvikler hjerna vår på ein positiv måte. I tillegg gir leiken gode muligheter for utvikling og læring innan for alle dei sentrale ferdighetene våre, som t.d. språk, sosial kompetanse, kognisjon og motorikk.

Barna er i avhengige av at dei vaksne i barnehagen har eit positivt og engasjert forhold til leik. Og barna treng at vi har kunnskap om leik og er delaktige i leiken. Men det er likevel viktig å ha perspektivet på at vi vaksne ikkje kan vere i samleik på lik linje som barna. Vi kan aldri gløyme vår vaksne, trygge, omsorgsfulle og ansvarlige rolle – sjølv i leik (Lysebo M. og Bratt E. (2017); 76-77). Dermed er det viktig at vi vaksne legg til rett for utviklande og *gøyal* leik – og eit viktig ledd i denne tilrettelegginga er det fysiske leikemiljøet.

Å legge til rette for eit utviklande og innbydande leikemiljø krev at vi kjenner barna og observerer kva dei liker og kvar dei er i leikeutviklinga. Slik sikrer vi også barna sin medverknad over barnehagedagen. Men vi veit også noko om kva som er alderstypisk, og kva for utvikling dei aller fleste følger. Slik kan vi ligge noko i forkant, og også sikre at barna opplever progresjon i barnahagetida si.

*Med omsorg for framtida*

---

## ALDERSTYPIK

Hedvig Montgomery (2019) har i sine bøker i Foreldremagi-serien laga ein liten og enkel, men nyttig og god oversikt over leiken i dei ulike aldersgruppene. Vi bruker desse punkta som utgangspunkt når vi skal sjå på hovudtrekka til leiken i dei ulike aldrane. Vi er likevel bevisste at eit kvart slikt skjematisk oppsett ikkje gjeld for alle, og det er heilt normalt å både ligge før og etter, og begge deler, i dette oppsettet – og det seier ikkje noko om kor gode barn er til å leike. Barn leiker - det er måten deira å vere på.

**1 åringen** liker titt-tei leiker, og det er viktig at barnet får ha mykje kontakt med vaksne ansikt til ansikt. Sansing er viktig; smake på, kjenne på, peike og sjå. Enkle sangleiker og leik med kroppen liker dei veldig godt, og å få utforske det å kunne reise seg, gå og etterkvart springe. Barnet liker alt som er i bevegelse og stort. Det er ikkje klart til å forstå det å dele med andre. Det er viktig for barnet å få gynge og disse.

**2 åringen** liker fortsatt det 1 åringen liker, men no begynner også leiker å få liv. Dukke og bamser, biler og båter kan snakke og ha opplevingar og følelsar. Desse leikene blir eit overgangsobjekt, fra å bevege seg vekk fra den trygge relasjonen til ein voksen, til å kunne bevege seg vidare og få bevisstheit om seg sjølv (Befring E. og Helland S. (red.) (2006);57). Det er kjekt med puslespill og enkel konstruksjonsleik. Og dei blir veldig glade om dei får hjelpe til med praktiske ting. Barna vil vere til nytte, og vi ser at barna har nærlig til det dei leiker.

**3 åringen** kan snart begynne med enkel rollelek som mamma-pappa-lillesøster-hund. Barna begynner også å bli meir avansert i konstruksjonsleiken. Fortsatt oppleves leiken å omhandle det som er nært barnet.

**4 åringen** begynner å bruke fantasien sin i leiken. No ser vi for alvor at inspirasjon frå filmar, spel, fortellingar, ulike yrker og kvardagsliv gir leiken innhald og dramatikk. Her er det viktig kva for inntrykk barna får. No er dei brannkonstabel, doktor, frisør og Kaptein Sabeltann. Barna har no også betre kontroll over fysikken og er klar for større fysiske utfoldelsar.

**5 åringen** henter inspirasjon til leiken sin fra alt mulig – og alt mulig er mulig! Leiken kan flytte seg kor som helst; til verdensrommet, til Kina, tilbake til heimen, til fotballkampen dei var på i helga. Her er det berre fantasien som set grenser. Fantasileiken handler om å sjå muligheter og å bygge sjølvtilleit – og den skal ikkje vere realistisk – her gjeld det å sjå muligheter.

I den dramatiske leiken går barnet frå *den reproducerende sosialrealistiske leiken* til *fantasileik* (Befring E. og Helland S. (red.) (2006); 56). Dei eldste barna veksler mellom desse typene leik.

---

## SPRÅK

Leik og språk utviklast parallelt. Leik er bra for språkutviklinga, og språket er etter kvart ein føresetnad for leiken. Ei språkleg utvikling i leiken går frå å benevne ting og sette ord på opplevelingar og kjensler, gjennom den daglege konkrete leiken, heilt til å kunne planlegge og gjennomføre ein leik med mange og komplekse roller, der miljø og tid er skiftande og i endring. Og skal du få til det er det viktig å kunne kommunisere godt med venane dine. Kva ord vi bruker og kva vi har rundt oss er viktige nøklar til fellesskapet i barnehagen. Det er viktig at barna som skal leike saman deler opplevelser og inntrykk (Øhman, M. (1996);158). Det er altså av stor betydning kva barna blir presentert for i barnehagen av ord og inntrykk – desse kan dei ta med inn i felles leik og utvikle både språk og leik vidare.

---

## ESTETIKK OG INNBYDENDE MILJØ

Å ha det vakker og innbydande rundt seg gjer noko med oss. Rom inspirerer til leik, og estetikk virker inn på trivsel og på barna si læring (Kvistad K. og Søbstad F. (2005);102). Så korleis vi vel å ha det i barnehagen har betydning. Sjølv om dei mellommeneskelge relasjonane er viktigast for kvaliteten i barnehagen (Pape, K. (2000);151), så spiller det fysiske rommet også inn på kvaliteten. I Montessori-pedagogikken snakker dei om det «forberedte miljø» og korleis miljøet er med på å skape fred og harmoni og stimulere til vekst og utvikling. Sjølv om Sunde barnehage ikkje er ein Montessoribarnehage, kan vi plukke litt frå tankane der. Dette gir konsekvensar for korleis vi førebur miljøet og skaper det innbydande til leik og utviklande aktivitet.

---

## KVALITET OG BÆREKRAFT

Rammeplan for barnehagen har i sitt verdigrunnlag at barnehagen skal fremme verdiar, haldningar og praksis som er bærekraftige. Dette passer også i lag med Sunde barnehage sin visjon. Det får konsekvensar for innkjøp og korleis vi handterer leikeutstyr og inventar. Det har også konsekvensar for korleis vi handterer og forbruker leiker. Kvaliteten og maretialet på det barna blir tilbudd har konsekvensar for kva dei blir vane med og korleis dei ser på seg sjølv. Den taktile sansen er særleg viktig dess mindre barna er. Den har betydning for kontakten med andre menneske og for oppfatninga barnet har av eigen kropp (Helle G og Fløgstad T. (2019);124). Å vere bevisst på kva som er gjenbruk, søppel og udefinert leikematerial er viktig. I Sunde barnehagen har vi ein pedagogisk tanke bak det som blir presentert for barna. Ved handtering av oppbrukte leiker fyl vi til anbefalingar gitt sentralt om avfallssortering.

---

## MOTORIKK

I barnehagealder skjer det ei enorm utvikling i dei motoriske ferdighetene til barna; frå å krabbe til å hoppe, springe og klatre høgt i tre. Og frå å øve på å ta ei leike til å kunne skrive namnet sitt. Barna krev ulikt leikemiljø ut i frå kvar på vegen dei er i den motoriske utviklinga. Leikemiljøet må også gi rom for ei god både fin- og grovmotoriskutvikling. Barna må få lære å bruke adekvat kraft, å kontrollere kroppen og utvikle koordinasjonen (Helle G og Fløgstad T. (2019);141). Leikemiljøet må gje rom for store bevegelsar og rom for små bevegelsar.

## LEIKEMILJØET I SUNDE BARNEHAGE INNE

- Vi deler romma inn i leikesoner
- Leikene skal vere i si leikesone, og ikkje flyttast eller blandast med andre soner
- Leikene plasserast i barnehøgde
- Leikesona skal vere innbydande
- Det skal vere lett å lese kva for type leik som skal skje her
- Vi bruker få leiker av kvar sort der det er mogleg. Unngår flest mogleg leikekasser med mykje leiker i.
- Vi set vekk leiker som ikkje er i bruk

---

## PRESENTASJON AV LEIKEMILJØ

- Personalet er ansvarlege for at leikemiljøet er fint og presentabelt.
- Det skal vere rydda og gjort klar kvar ettermiddag, kvar morgen, til kvart måltid og til barna kjem inn etter uteleik.
- Personalet kan velje å ta vekk leiker heilt, og velje ut leiker å fokusere på etter pedagogisk skjønn og vurdering.
- Flytting og endring av faste leikesoner, avklarast på avdelingsmøte først, slik at alle i personalet er førebuett på evt store endringer.

---

## LEIKEMILJØET SKAL INNEHOLDE

- Rom for grovmotorisk leik, td. hoppe, springe, rulle
- Rom for konstruksjonsleik
- Rom for å leike med enkle leiker som kan få liv, td. dyr og bilar
- Rom for leik som er reproduserande sosialrealistisk, td. frisør, kjøkkenleik
- Rom for fantasileik og magi

Med omsorg for framtida

---

## REFERANSER

- Befring, E. og Helland S. (red.) (2006) *Barnehagepedagogikk*. Det Norske Samlaget, Oslo
- Helle, G. og Fløgstad, T (2019) *Alt jeg kan! Hvordan kroppen lærer hjernen å tenke*. Cappelen Damm Akademiske, Oslo
- Kvistad, K. og Søbstad F. (2005): *Kvalitetesarbeid i barnehagen*. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo
- Lysebo, M. og Bratt E. (2017): *Hvordan utvikle relasjonskompetanse i barnehagen?* Pedlex, Oslo
- Montgomery, H. (2018): *Mirakelenes tid 0-2 år. Syv enkle steg for å lykkes med oppdragelsen*. Pilar forlag
- Montgomery, H. (2019): *Barnehageårene 2-6 år. Syv enkle steg for å lykkes med oppdragelsen i fantasiens tid*. Pilar Forlag
- Pape, K. (2000): «*Æ trur dem øv*». *Om aktive vaksne og sosial kompetanse i barnehagen*. Kommuneforlaget, Oslo
- Øhman, M. (1996): *Empati gjennom lek og språk*. Pedagogsik forum, Oslo

Barnehageloven: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/barnehage/lov-om-barnehager-barnehageloven/>

Rammeplan for barnehagen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

<https://montessorinorge.no/om-montessori/montessoripedagogikk/>